

AKTIV OMSORG



HØGSKULEN I VOLDA

MILJØTERAPI I DEMENSOMSORGA

Deltidsutdanning– 15 studiepoeng over to semester (100-nivå)

Bakgrunn for studiet

I demensplan 2015 "Den gode dagen" står: "Å gi god omsorg forutsetter at man bygger på enkeltmenneskets historie for å få kunnskap om hva som gir mening og livsinnhold for den enkelte" (Helse- og omsorgsdepartementet 2007: 20). Omsorgstenestene står overfor store utfordringer når dei skal legge til rette miljøtiltak med blick for individet og kunnskap om den enkelte person sin livssituasjon.

Nettverkskommunane på Søre Sunnmøre (Volda, Ørsta, Ulstein, Hareid, Herøy, Sande og Vanylven) har saman med Høgskulen i Volda utvikla ei vidareutdanning for personale som arbeider i demensomsorga. Studiet skal bidra til å auke kompetansen i kommunikasjon og miljøterapeutiske prinsipp. Kommunane har fått støtte frå Møre og Romsdal fylke til å finansiere studiet.

Mål med utdanninga

Målet med studiet er å styrke den pedagogiske og kommunikative kompetansen til personar som jobbar innan demensomsorga med tanke på å skape gode tilbod innan miljøterapi til personar med demens.

Innhald

Studiet gir innsikt, kunnskap og kompetanse i:

- å leve med demenssjukdom
- kommunikasjon og samhandling
- etikk
- kollegarettleing
- kritisk forståing av kvalitetskrav i tenestene
- planlegging, gjennomføring og evaluering av miljøtiltak for personar med demenssjukdom med tanke på aktiv omsorg

Omfang

15 stp, over to semester. (Undervisningsplan og emneplan er å finne på nettsida www.hivolda.no/omsorg)

Opptakskrav

Krav om generell studiekompetanse. Ein kan også søkje om opptak på bakgrunn av realkompetanse. I utgangspunktet er det fagpersonar frå dei sju nettverkkommunane som kan delta. Dersom det er ledige studieplassar kan studentar frå andre kommunar, som tilfredsstillar krava, søkje. Søklarane må vere i ein arbeidssituasjon der dei jobbar med demensproblematikken.

Søknadsfrist

15. mai 2008

Kompetanse

Fullført studium gir 15 studiepoeng og kan takast som frittstående vidareutdanning som gir kompetanse innan miljøterapi. Emnet kan inngå som del av ein bachelor.

Evaluering og kvalitetssikring

Emnet vert evaluert i samsvar med HVO sitt kvalitetssikringssystem.

Studieansvarleg

Anne-Sofie Egset

E-post: annesofie.egset@hivolda.no

Telefon: 70 07 50 13

WWW.HIVOLDA.NO/OMSORG